



Velferdstenester frå landbruket



Inn på tunet

Kva er «Inn på tunet»?

Den offisielle definisjonen er: *“Inn på tunet er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gi meistring, utvikling og trivsel. Gardsbruk er ein eigedom som skal brukast til jord, skog-, eller hagebruk. Aktivitetane i tenestetilbodet er knytt opp til garden, livet og arbeidet der”.*

Slike tenester blei tidlegare kalla for “Grøn omsorg”, og NAV har også nytta namnet “Grønt arbeid”. Internasjonale omgrep som blir brukt er “Social farming”, “Care farming” eller “Green care farming” og “Farming for health”.

Mange ulike brukargrupper

Inn på tunet kan gje tilbod til mange ulike brukargrupper. Garden, med natur- og kulturlandskapet rundt denne, kan vere ein mykje bra læringsarena for skule og barnehage. Garden kan og vere ein god plass for folk som treng rekreasjon, omsorg, tilrettelagte aktivitetar eller arbeidstrening. I seinare år har dagtilbod til heimebuande personar med demens blitt populære, og erfaringar her syner at Inn på tunet kan medverke til å utsetje institusjonsinnlegging. Tilboda gjev også god avlastning for pårørande.





Merkevare med eige kvalitets- og godkjenningssystem

I dag er Inn på tunet etablert som eit merkevarenamn, og det er blitt ei nasjonal satsing på tvers av ulike fagområde og tenestesektorar. Ei viktig nyvinning i seinare tid er at vi har fått på plass eit kvalitetssystem og ei godkjenningsordning for Inn på tunet-gardane. Stiftinga Matmerk forvaltar dette kvalitetssystemet. I godkjenningsprosedyren blir det stilt særlege krav til helse, miljø og tryggleik, men det er også andre kvalitetskrav. Inn på tunet-bonden m/familie skal møte brukarane på ein god og inkluderande måte, tilpassa deira behov.

For meir informasjon: www.matmerk.no/inn-pa-tunet

Gode avtalar er viktig

Inn på tunet-tilboda skal vere basert på ryddige og tydelege avtalar mellom kjøpar og tilbydar. Slike avtalar skal regulere ansvar, innhald, kommunikasjonsrutinar og rollefordeling i tilbodet. Det finst ulike avtalemalar som kan nyttast. Kontakt gjerne Fylkesmannen sin Inn på tunet-rådgjevar for meir informasjon og hjelp i arbeidet.

e-post: fmrobsb@fylkesmannen.no, tlf: 51 56 87 00,
www.fylkesmannen.no/rogaland/

“Inn på tunet - Rogaland”

“Inn på tunet-Rogaland” er ein organisasjon for bønder som driv med Inn på tunet og for andre interesserte. På nettstaden innpaatunet-rogaland.no/ finn du meir informasjon inkl ein oversikt over dei aktuelle gardane. Ta kontakt for spørsmål eller anna: post@innpaatunet-rogaland.no

Andre aktuelle nettstader

Informasjon frå Regjeringa finn du her:

www.regjeringen.no/no/dokumenter/inn-pa-tunet/id735080/

Nettportal for forskning på natur- og helse, inkl Inn på tunet:

www.nmbu.no/fakultet/landsam/institutt/ilp/aktuelt/node/26798

Sjå også www.norskfriluftsliv.no/nature-and-health/

Europeisk nettstad – Farming for health:

farmingforhealth.wordpress.com/



Velferdstenester
frå landbruket


Inn på tunet